

RAPPORT

Nore stavkyrkje

- Dokumentasjon av stavkyrkjeprogrammet



Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført. I denne samanhengen har Riksantikvaren eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget gjer innanfor kulturminne, kulturmiljø og landskap.



Innhold

Stavkyrkjeprogrammet	3
Bygningsbeskriving	4
Bygningshistorie	4
Restaureringshistorie	5
Tilstand før stavkyrkjeprogrammet	6
Vedtaksprosess og tiltak	6
Bering av takryttaren	6
Stav i søraustre hjørne	7
Svillar	7
Gavl i søndre krossarm	8
Overgangar, renner og takryttar	8
Reparasjonar av stokkar og laft i sakristiet	9
Spontekking	9
Vindaug	9
Kyrkjekunsten	9
Samandrag	10
Litteratur og kjelder	11
Fotnotar	11

Nore stavkyrkje

Dokumentasjon av
stavkyrkjeprogrammet

© Riksantikvaren 2016
www.ra.no

Det må ikkje kopierast frå denne boka i strid med
Åndsverklova eller avtalar om kopiering med
KOPINOR, interesseorgan for rettshavarar til
åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale
kan medføre erstatningskrav og inndraging
og kan straffast med bøter eller fengsel

Design: Riksantikvaren

Omslagsbilete:
Dagfinn Rasmussen. Riksantikvaren

Stavkyrkjeprogrammet

Gjennom stavkyrkjeprogrammet har dei 28 stavkyrkjene i Noreg vorte sett i stand. Kyrkjene vart i all hovudsak istandsett slik dei er i dag, utan noko tilbakeføring til tidlegare periodar. I arbeidet med stavkyrkjene har ein vore avhengig av å byggje vidare på den kunnskapen som er opparbeidd innanfor tradisjonelt bygghandverk og bruk av ulike tradisjonelle material og metodar. Samstundes har stavkyrkjeprogrammet gjeve gode moglegheiter for detaljstudiar av bygningane. Det å kunne lese og forstå spor etter verkty har vore eit viktig element i arbeidet med istandsetjinga av stavkyrkjene. Målet har heile tida vore å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege delane. Der dette ikkje har vore mogleg har handverkarar gjort eit framifrå arbeid med å kopiere bygningsdelar der det har vore naudsynt å byte delar av bygget eller spunse ein skade. Samstundes har materialkvalitet, samt kunnskap om bruk av rett virke, vore eit viktig

gjennomgangstema i arbeida med kyrkjene. Arbeidet med å hente ut rett virke til rett bruk har kravd god langsiktig planlegging for å til dømes ha godt malma og rettvokse virke til produksjon av spon. Vidare har det vore viktig å ha gode materiallager, då mange skjulte skadar fyrst vart avdekka når istandsetjinga var godt i gang og arbeidet med å demontere skadde bygningsdelar vart gjennomført.

KYRKJEKUNST

Som ein viktig del stavkyrkjeprogrammet var eit av måla å konservere kyrkjekunsten i kyrkjene. Det var difor naudsynt å gjennomføre ei omfattande tilstandsregistrering av både kunst og inventar i stavkyrkjene. Det vart utført tilstandsregistrering av 852 gjenstandar og dekorerte flater i 27 kyrkjer. Gjennom ei oversikt over kva som er i stavkyrkjene og i kva tilstand det var, kunne ein gjere ei prioritering av dei tiltaka som var viktige å få utført. Bevaringstiltak utløyst av

tilstandsregistreringa vart i størst mogleg grad koordinert med istandsetjinga av sjølve kyrkjebygga. I visse høve var det naudsynt å dekke til, eller flytte ut gjenstandar før arbeidet med bygget starta, medan det i andre høve var meir hensiktsmessig å starte konserveringa av gjenstandane då kyrkjebygga var ferdig sette i stand.

LOKAL MEDVIRING

Ved mange høve engasjerte kyrkjeiegaren ein lokal prosjektleiar. Det vart også i størst mogleg grad nytta lokale handverkarar. Lokal deltaking var med på å auke kunnskapen om kyrkjene og samstundes skape ein spanande møteplass for den lokale befolkninga og tilreisande.

BRANNSIKRING

Alle stavkyrkjene har brannsikringsanlegg. I samband med istandsetjingsarbeida vart det og gjennomført arbeid med vidare oppgradering av desse anlegga.



Inngangsparti: Monogrammet til kong Frederik 4. Foto: Birger Lindstad, Riksantikvarens arkiv

Nore stavkyrkje

BYGNINGSBESKRIVING

Nore er den eine av to stavkyrkjer med bevart midtmastkonstruksjon. Skipet er bygd i stavverk med ståande panel, medan tverrfløy og kor er lafta. Koret er i same breidde som skipet, men noko lågare. Dreia spir markerar gavlen på dei fire krossarmane til kyrkja

med spondekka saltak og åttekanta takryttar. Tverrarmane har utskorne riksvåpen i gavlfeltet i nord og sør datert 1714 og 1709. Det lafta våpenhuset, med same breidde som skipet, er prydd med ein liten, men rikt utsmykka portal med gavl og monogrammet til kong Frederik 4.¹

BYGNINGSHISTORIE

Då to nye kyrkjer skulle byggast i soknet på 1880-talet var planen å rive kyrkja. Ved eit besøk av Professor Lorentz Dietrichson vart det på staden vedteke at kyrkja skulle bevarast, og i 1888 kom stavkyrkja i

Fortidsminneforeningen si eige.² Dendrokronologiske prøver viser at midtmasta og sørvestre hjørnestav i Nore stavkyrkje er felt år 1166-67. Vidare undersøkingar av material, materialbearbeiding, tørking og samanføyingar tyder på at kyrkja vart sett opp sommaren etter. Koret frå 1683 består av delar frå det opphavlege koret i kyrkja. Våpenhuset vart bygd i 1723 og takryttaren vart sett opp 1730. Dendrokronologisk prøve frå tømmeret i sakristiet viser at treida vart felt vinteren 1756-



Bering av takryttar: Utbetra avstiving med nye stokkar over mellomstavane. Jarnklemmer er fest til eldre bjelkar. Foto: Riksantikvaren

1757. Bygningsarkeologiske undersøkingar har påvist at kyrkja har hatt eldre krossarmar enn dei som i dag er datert til 1709 og 1714. Kyrkja er rikt dekorert innvendig med limfargedekor frå 1655, 1683, 1700- og 1800 talet.³

Til kva grad kyrkja opphavleg vart bygd med krossarmar eller ikkje er usikkert, men den kontinuerlege endringa av Nore stavkyrkje gjennom restaurering og ombyggingar er ein viktig del av verneverdien til kyrkja. Frå å vere ein enkel stavkonstruksjon står kyrkja i dag fram som ei krosskyrkje med våpenhus, takryttar og fleire lag med restaureringshistorie.

RESTAURERINGS Historie

Nore stavkyrkje er sterkt prega av ombygging og endringar over lang tid. Endringar er til dels gjennomført utan forståing for den konstruktive eigenarta til kyrkja, og har som fylgje påført konstruksjonen skade og svekka bygget merkbart. Kyrkjebygget, med rikt interiør og dekor vart i 1901 måla opp og undersøkt av kunsthistorikaren A. Aubert. Seinare same år publiserte Aubert ein artikkel i Fortidsminneforeningen si årbok der han gjer greie for bygningshistoria og dei ulike fasane i kyrkja sitt dekorative måleri.

I 1927 vart det påvist store skader på konstruksjonen, og Domenico Erdmann skriv at

«bygningen er færdig til at rase sammen». Han beskriver at dei ulike delane av bygningen lutar kvar sin veg og at dette særskilt er orsaka til dei røteskadde toppsvillane/stavlegjene. Erdmann meiner alle tilbygg må takast ned slik at skipet kan rettast opp.⁴ Restaureringsarbeid vart utført og kyrkja retta opp under leiing av byggmeister John I. Hove i 1927, men ikkje så omfattande som i forslaget til Erdmann.

Ei fornya undersøking av bygningshistoria til stavkyrkja vart i 1940-åra gjennomført av Prof. Anders Bugge og arkitekt Ole Øvergaard som seinare publiserte artikkelen «Et unikum av en Stavkirke». I 1968-69 gjennomførte arkitekt Håkon

Christie omfattande bygningshistoriske og arkeologiske undersøkingar og restaureringar. Golva vart tekne opp og det vart funne spor av ein eldre gravplass under kyrkja.⁵ Konstruktive ledd med røteskader vart reparert, men i kontrast til restaureringshaldninga i dag, med moderne material og handverksmetodar. Himlinga var bøygd ned pga. vekta frå tårnet. Under arbeidet med ny støtte under tårnet måtte nedste himling demonterast. Ei dekorert himling frå 1655 kom då til syne. Den er ikkje komplett og fleire bord manglar. Sidan hovudmålet til stavkyrkjeprogrammet var istandsetting og konservering vart ei eventuell restaurering av himlinga ikkje diskutert. Det er gjort fleire endringar i kyrkja sidan den øvste himlinga låg intakt. Ei tilbakeføring hadde vore mogleg, men ved at himlinga frå 1800-talet får ligge, tek ein vare på dei siste hundreåra si bygningshistorie.

TILSTAND FØR STAVKYRKJEPROGRAMMET

Nore stavkyrkje var i dårleg stand då arbeida starta opp i 2002. Kyrkja var prega av tidlegare ombygging og restaureringsarbeid gjort utan fullstendig analyse av bygget i framkant, og det var difor skader i både mellomalder-materiale og bygningselement frå dei ulike ombyggingane. Særskilt omfattande var setningsskadane i hovudkonstruksjonen som var



Stav: Ny spuns forma etter resterande SØ- hjørnestav. Spunsen i malma furu vart montert med tradisjonelle handverksmetodar. Foto: Riksantikvaren

eit resultat av overbelastning og røte i stavar, svillar og toppsvillar. Dei strukturelle skadane i kyrkja hadde si orsak til dels i takryttaren som i utgangspunktet er for tung.

VEDTAKSPROSESS OG TILTAK

BERING AV TAKRYTTAREN

Ei viktig istandsettingsoppgåve ved Nore stavkyrkje var å føre

lasta frå takryttaren ned på ein trygg måte slik at mellomalderdelen lenger ned ikkje ville bli ytterligare deformert eller broten. Fleire løysningar vart diskutert og det var både ynskje om å bevare alle materiala og å bevare kyrkjerommet slik ein har opplevd det, utan å føre inn nye stolpar i rommet.

Spørsmålet vart kva forhold som skulle leggast sterkast til grunn for vedtak:

La eksisterande konstruksjonar og material bestå, men i tillegg føre nye berande element ned i kyrkjerommet. Bytte ut eksisterande understøtte med nye bjelkar då noverande bjelkar ikkje berre er røteskadd, men i utgangspunktet underdimensjonert.

Legge inn nye bjelkar i gran, limtre eller stål for å oppnå større styrke med mindre dimensjonar.

To nye trebjelkar vart lagt inn ved sidan av bjelkane under stolpane til takryttaren. Dei nye bjelkane kviler på toppen av dei fire mellomstavane i skipet og last frå takryttaren vert ført ned i dei fire stavane. Bjelkane vart lagt opp under sperrene slik at taklast samstundes kan førast via desse til tverrbjelkane og vidare ned i dei fire mellomstavane.

Jernklemmer vart montert for å bere opphenget av dei eldre bjelkane.

Dei fire mellomstavane i skipet som skal føre lastane ned vart sjekka for røteskader. Der det var naudsynt vart stavane spunsa og puter vart lagt i topp som understøtte for nye tverrbjelkar. Fundamenta under stavane vart samstundes kontrollert og utbetra.

STAV I SØRAUSTRE HJØRNE

Hjørnestaven i søraust er eit tydeleg døme på ei skiftande haldning gjennom restaureringshistoria. Søraustre hjørnestav var i 1969 røteskadd



Svill og stav: Utbetring av forbindinga mellom bygningsdelar. Foto: Riksantikvaren

ut mot eksteriøret, og for å bevare den dekorerte flate i staven vart det montert vertikal forsterkning på utsida med moderne material og handverksmetodar. Restaureringshaldninga er i dag endra. Hjelpstolpen fungerte som berande element, men ikkje som forbinding mellom botnsvill og veggtele. Det vart sett inn spuns forma etter den resterande innsida av originalstaven, og som tilfredsstilte funksjonane på best mogleg måte.⁶

SVILLAR

Svillane hadde store røteskader og den horisontale forbindinga mellom svillar og stavar var dårleg. Dei to nordre svillane i skipet vart skifta ut i 1969, men det hadde ikkje vore mogleg å få svillane i full lengde inn og festet i stavane då kyrkja ikkje var jekka opp. Hovudorsaka for å skifte svillen igjen var for å stabilisere konstruksjonen med nytt og forbetra feste mellom svillar og stavar. Dei øvrige svillane vart bevart då dei konstruktive følgjene av røteskadane ikkje er større enn at det er forsvarleg å la dei ligge,



Gavl: toppsvill og understokk i søndre gavl. Foto: Riksantikvaren

GAVL I SØNDRE KROSSARM

For å føre dei nye bjelkane inn på loftet vart gavl i søndre krossarm demontert for å verte utbetra samstundes. Dei skrå sperrene i gavlen viste seg å vere attbrukte. Ved at tjæra har renne nedover bordet kan ein gå ut frå at den tidlegare har stått vertikalt ein stad på bygget.

Underliggaren til toppsvilla var røteskadd i midten på utsida. Den hadde like spor i overside som toppsvilla, som tyder på at laftestokken tidlegare var toppsvill. Det røteskadde virket vart hogge vekk og stokken vart spunsu. Spora i den gamle stokken vart hogge inn i spunsen. Dette for at historia til stokken skal kunne lesast seinare når kunnskapen om mogleg er større og evna til å tyde sporet er betre.⁷

OVERGANGAR, RENNER OG TAKRYTTAR

Kyrkja hadde skader i takflatene mellom skip og krossarmar.

Utbetringar i overgangen mellom takryttaren og takflata vart gjort med tilpassing av lista i overgangen mellom tak og vegg på takryttaren.

Laft: Sakristiets laftevegg var svært røteskadd og store deler vart erstatta med nytt tømmer Foto: Riksantikvarens arkiv.





Limfargedekor: Himlinga i nordre krossarm. Foto: NIKU

Lekter vart fest innvendig i overkant av dei liggande borda slik at vatn ikkje skal trenge seg inn. Det var takrenner på sørsida av kyrkja som fungerte dårleg, og vatn spruta opp på svillane ved regnvêr. Det vart lagt i ny kopar og rennene vart lyft til riktig fall. Ei ny takrenne vart montert på våpenhuset for å leie vatnet med utkast frå den utsette veggen.

REPARASJONAR AV STOKKAR OG LAFT I SAKRISTIET

Omfang av utskifting vart diskutert. Det var tidlegare utført skøyting og utskifting av stokkar. Spørsmålet var om røteskadane var av eit omfang som tilsa utskiftingar då skadane kunne stå lenge utan å skade andre bygningsdelar. Samanstrykking forekom grunna røteskadd trematerial, og

golvbjelkane hadde sige ned på bakken. Golvet svikta og sakristiet hadde sige ned og ut frå koret. Røteskadane i veggane vart utbetra samstundes for å sikre sakristiet for tida framover. Taket vart støtt opp og den innvendige panelen i veggane demontert der heile stokkar vart skift og andre spunsa.

SPONTEKING

Fleire av takflatene i kyrkja hadde behov for utbetring. Spontekkinga på kyrkja vart difor utbetra i to omgangar, fyrst i 2004-2005, deretter i 2014-2015.

VINDAUGE

Fleire vindaug vart reparert på Nore stavkyrkje. Vindaugsrammene på sørsida av bygget var delvis tæra bort, så

glaset låg på utsida. Det vart laga kopiar av nedre vindaug i den sydlege krossarma og dei to vindauga i koret mot sør. Glaset vart nytta oppatt og rammene lagra på loftet til kyrkja⁸.

KYRKJEKUNSTEN

Inventaret og dekoren til kyrkja vart registrert og konsolideringsarbeid vart utført i 1994-1995, men skadane i krossarmane hadde utvikla seg sidan den gang og det var difor naudsynt å utføre arbeid på kyrkjedekoren i kraft av stavkyrkjeprogrammet.⁹ Det vart gjennomført konsolidering av limfargedekoren i kyrkja i 2004, 2005 og 2006. Arbeida er detaljert beskrive i rapportar frå arbeida utført dei enkelte åra.¹⁰



Dekor: Utbetring av limfargedekoren i kyrkja. Foto: Iver Schonhowd, Riksantikvaren

SAMANDRAG

Nore stavkyrkje er datert til omkring 1170. Kyrkja er av midtmasttypen. Kyrkja har vorte utvida og bygd om i fleire omgangar. Nytt kor vart reist i 1683 og dei fyrste krossarmane vart erstatta ved byrjinga av 1700-talet. Allereie på 1700-talet vart kyrkja kledd med ståande bordkledning på fleire veggjar, samt at kyrkja fekk ny takryttar i 1730. Interiøret er prega av etterreformatorisk inventar frå ombygginga på 1600- og 1700-talet. Den måla dekoren i kyrkja er òg frå denne tida. Nore stavkyrkje var den av stavkyrkjene i Numedal som var i dårlegast forfatning. Det er gjort utbetringar på delar av den

berande konstruksjonen til kyrkja, både i skip, krossarmar, samt takryttar. Skadde delar er tekne vare på fleire stader i konstruksjonen, då ein ville gjere minst mogleg inngrep. Det er skift spon på fleire takflater. Arbeidet med spona gjekk over to periodar, fyrst i samband med arbeida i 2002-2006, deretter i 2015. Det er òg skifta fleire røteskadde stokkar i det lafta sakristiet. I samband med dette arbeidet vart det innvendige panelet demontert. Det vart utført konservering av limfargedekoren fleire stader i kyrkja i 2004 og 2005.

LITTERATUR OG KJELDER

LITTERATUR

Anker, Leif. *De norske stavkirkene*. Oslo, AFRO 2005.

RAPPORTAR

Devold, Ellen. *Befaring Nore stavkirke*, 11.02.02, 2002.

Devold, Ellen. *Stavkirkeprogrammet Befaring Nore stavkirke*, 05.01.04, 2004.

Devold, Ellen. *Referat frå befaring 16.06.06 Nore og Flesberg stavkirker*, 2006.

Devold, Ellen. *Befaringer til Uvdal og Nore stavkirker - Stavkirkeprosjektet*, 07.02.02, 2002.

Devold, Ellen. *Befaringsrapport til Nore stavkirke 7. oktober 2003*, 2003.

Devold, Ellen. *Befaringsrapport/begrunnelser Nore stavkirke*, 04.09.02, 2002.

Devold, Ellen. *Konsekvenser av tiltakene*, 08.04.03, 2003.

Devold, Ellen. *Nore stavkirke planlagte arbeider 2003*, 2003.

Devold, Ellen. *Stavkirkeprogrammet - Nore stavkyrkje 29. oktober 2003*, 2003.

Devold, Ellen. *Rapport Nore stavkirke, Istandsetting av bygningen 2003-2005*, 2005.

Devold, Ellen. *Rapport stavkirkeprogrammet Nore stavkirke 01.10.02*, 2002.

Devold, Ellen. *Stavkirkeprogrammet skaderegistrering 22. oktober 2003 Nore stavkirke*, 2004.

Friis, Nils. *Nore stavkirke, Befaringsnotat 08.06.04*, 2004.

Friis, Nils. *Nore stavkirke, Status pr 01.01.05*, 2005.

Friis, Nils. *Nore stavkirke, Befaringsnotat vedr. Lekkasjer rundt takrytter*, 24.01.06, 2006.

Lie, Ragnar. *Restaureringer av vinduer høsten 2006*, 2006.

Devold, Ellen. *Nore stavkirke istandsetting 2002-2006*, 2006

Marumrud, Hans. *Rapport fra september 2004*, 2004

Sajdak, Ananke. *Befaringsrapport 06 juni 2006*, 2006.

Solberg, Kristin. *Nore stavkirke-Konservierungsarbeider i 2005, NIKU Rapport 68/2005*, 2005.

Alle rapportar er tilgjengelege hjå arkivet til Riksantikvaren.

FOTNOTAR

¹ Leif Anker, *De norske stavkirkene* (Oslo: AFRO, 2005), 190.

² Christie, Sigrid og Håkon, *Norges kirker Buskerud Bind I* (:364)

³ Ellen Devold, *Nore stavkirke istandsetting 2002-2006*, Rapport. Riksantikvarens arkiv.

⁴ Domenico Erdmann, *Nore stavkirke Numedal, besiktelse 20-24 mai 1927*. Riksantikvarens arkiv

⁵ Sigrid og Håkon Christie, *Norges kirker, Buskerud Bind 1* (Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 1981), 365.

⁶ Hans Marumrud, *Rapport fra september 2003*, Riksantikvarens arkiv

⁷ Hans Marumrud, *Rapport fra september 2003*, Riksantikvarens arkiv

⁸ Lie, Ragnar. *Restaureringer av vinduer høsten 2006*, 2006.

⁹ Kristin Solberg, *Nore stavkirke-Konservierungsarbeider i 2005*, NIKU Rapport 68/2005

¹⁰ Ibid.

